

Høyringsnotat. Framlegg til endringar i einingsregisterlova – fjerne kravet om å registrere sameigarar i tingsrettslege sameige m.m.

Innhald

1.	Hovudinnhaldet i framlegget	2
2.	Tingsrettslege sameige – fjerne kravet til å registrere sameigarar i einingsregisterlova	2
2.1.	Om tingsrettslege sameige	2
2.2.	Gjeldande rett	3
2.3.	Trongen for endringar	3
2.4.	Framlegg om å fjerne kravet om å registrere sameigarar	5
3.	Forenkling av føresegnene om elektronisk signering	5
3.1.	Om Altinn, roller og rettar – kort oversyn	5
3.2.	Endringar i reglane for elektronisk signering i 2011	6
3.3.	Framlegg til endringar	7
	Juridiske personar kan signere elektronisk melding	7
	Utviding i kva for roller som kan signere elektroniske meldingar	7
3.4.	Endringane i einingsregisterforskrifta og føretaksregisterforskrifta	8
4.	Inkuriar og feilrettingar	9
4.1.	Einingsregisterlova	9
4.2.	Føretaksregisterlova	9
4.3.	Føretaksnamnelova	10
4.4.	Einingsregisterforskrifta	10
4.5.	Føretaksregisterforskrifta	11
5.	Økonomiske og administrative konsekvensar	11
6.	Lov- og forskriftsframlegga	11

1. Hovudinnhaldet i framlegget

Nærings- og fiskeridepartementet sender med dette framlegg til endringar i lov 3. juni 1994 nr. 15 om Einingsregisteret (einingsregisterlova) til høyring. Høyringsbrevet inneheld framlegg til endringar i regelverket om krav til dokumentasjon ved registrering i Einingsregisteret. Det vert føreslått at det ikkje lenger skal vere naudsynt å registrere opplysningar om sameigarar i tingsrettslege sameige (punkt 2 i høyringsnotatet). Føremålet med endringane er å gjere registrering i Einingsregisteret enklare for tingsrettslege sameige.

Departementet sender òg til høyring framlegg til endringar i krava til signering av elektroniske meldingar i forskriftene til einingsregisterlova og føretaksregisterlova. Framlegget går ut på å utvide signeringsreglane for elektroniske meldingar, slik at også juridiske personar får høve til å signere meldingar elektronisk når dei har roller som gjev rett til å signere (punkt 3 i høyringsnotatet). Føremålet med endringane er å gjere krava til signering av elektroniske dokument enklare, og såleis leggje betre til rette for å auke talet på elektroniske meldingar.

Framlegg til enkelte endringar for å rette feil og inkuriar vert sendt til høyring samtidig. Det gjeld desse lovene og forskriftene (punkt 4 i høyringsnotatet):

- Lov 3. juni 1994 nr. 15 om Enhetsregisteret (einingsregisterlova)
- Lov 21. juni 1985 nr. 78 om registrering av foretak (føretaksregisterlova)
- Lov 21. juni 1985 nr. 79 om enerett til foretaksnavn og andre forretningskjennetegn (føretaksnamelova)
- Forskrift 9. februar 1995 nr. 114 om registrering av juridiske personer m.m. i Enhetsregisteret (einingsregisterforskrifta)
- Forskrift 18. desember 1987 nr. 984 om registrering av foretak (føretaksregisterforskrifta)

Høyringsnotatet er utarbeidd i samarbeid mellom Brønnøysundregistra og Nærings- og fiskeridepartementet.

2. Tingsrettslege sameige – fjerne kravet til å registrere sameigarar i einingsregisterlova

2.1. Om tingsrettslege sameige

Når to eller fleire personar eig noko saman, ligg det føre eit sameige. Det er sjølv eigeomsretten som er delt mellom dei som eig noko saman, og ikkje retten til å bruke tingen. Ein fast eigedom kan vere i sameige mellom fleire. Sjølv om kvar av sameigarane eig ein prosentdel av eigedomen, vil kvar sameigar kunne bruke heile eigedomen. Ofte vil ein bustad som er eigd i fellesskap mellom ektefelle eller sysken, vere eit sameige.

Både fysiske og juridiske personar kan vere sameigarar. Sameigeobjektet kan vere ein ting, fleire gjenstandar eller ei formuesmasse.

Rettsstilhøvet mellom sameigarar er regulert i lov 18. juni 1965 nr. 6 om sameige (sameigelova).

I oktober 2014 var det registrert 2 948 tingsrettslege sameige i Einingsregisteret. Det store fleirtalet har under ti sameigarar, men om lag 10 prosent av dei registrerte tingsrettslege sameiga har over 30 sameigarar. I tillegg kjem det eit uvisst tal på tingsrettslege sameige som av ulike årsaker vel å ikkje registrere seg i Einingsregisteret.

2.2. Gjeldande rett

Kva for registreringseiningar som skal registrerast i Einingsregisteret, er lista opp i einingsregisterlova § 4. I bokstav d er det bestemt at tingsrettslege sameige (jf. sameigelova) berre skal registrerast dersom dei opptretr "som sådanne utad" og er registrerte i tilknytte register eller særregister. Registreringsplikta gjeld berre i dei tilfella der sameiget opptretr som eit sameige ute, det vil seie at sameiget opptretr på vegner av alle sameigarane, og ikkje i tilfelle der sameigarane opptretr på vegner av seg sjølv.

Når eininga vert registrert i Einingsregisteret for første gong, får eininga tildelt organisasjonsnummer (§ 5). Nå det gjeld kva for opplysningar om eininga som skal registrerast i Einingsregisteret, vart prinsipielle spørsmål om innhaldet i Einingsregisteret teke opp i forarbeida til einingsregisterlova, Ot.prp. nr. 11 (1993-94) side 18 og 35. Der står det mellom anna at: "Enhetsregisteret skal inneholde grunndataopplysningar om registreringsenhetene, dvs ikke-sensitive opplysningar som registreres i forvaltningens registre, som er av felles interesse og som fritt kan bruktes av andre enn den myndighet som registrerer dem."

I forarbeida vert grunndata definerte som *identifikasjonsdata* som er opplysningar som er naudsynte for å identifisere eininga (§ 5), og *tilleggsdata* som omfattar opplysningar ut over det som er naudsynt for identifikasjon (§ 6).

Alle einingar må gje opplysningar slik det er sagt i § 5 for å kunne verte registrerte og få tildelt organisasjonsnummer i Einingsregisteret. Unntak gjeld viss denne typen opplysningar ikkje finst. Når det gjeld tilleggsdata, går det fram direkte av lova at dei berre kan verte registrerte om dei finst for den aktuelle organisasjonsforma.

For tingsrettslege sameige går det fram av § 6 bokstav b at sameigarane skal meldast inn til registeret. I forarbeida står det at deltakarane i tingsrettslege sameige skal registrerast med namn og adresse. I tillegg skal dei registrerast med fødselsnummer, D-nummer eller organisasjonsnummer.

Grunngjevinga for å stille strenge krav til identifikasjon av sameigarane finst i Ot. prp. nr. 11 (1993-94) om lov om Enhetsregisteret, i punkt 4.2.2 på side 19:

"Det er svært viktig at registeret inneheld tilfredsstillende opplysningar til å kunne identifisere de oppgitte personer. Dette både av hensyn til registerets kvalitet, hensynet til brukernes behov for å kunne identifisere de personene som står bak enheten og hensynet til de registrerte personene."

I Ot.prp. nr. 50 (1984-85) om føretaksregisterlova er krav til registrering av personnummer omtalt under punkt 6.2.3. Registreringslovutvalet si fråsegn vert sitert:

"Dette nummer er den sikreste måten å identifisere en person på og er av betydning for legitimasjon for de personer som kan forplikte selskapet. Utvalget finner ikke at det reiser seg betenkeligheter ved bruk av fødselsnummer."

Vidare pliktar dei tingsrettslege sameiga å melde frå om endringar blant sameigarane utan ugrunna opphald, jf. einingsregisterlova § 15 første ledd første punktum.

2.3. Trongen for endringar

Sakshandsaming i Brønnøysundregistra viser at dei fleste tingsrettslege sameiga er knytt til fast eigedom: til dømes vegar, beiteområde og andre jordbruksområde, fiskeelvar, byggar og andre utleigebygg. Sjølv om sameigetingen ikkje vert registrert, og det difor ikkje er mogleg å talfeste kor stor del av dei tingsrettsleg sameiga som gjeld fast eigedom, er det

Brønnøysundregistra si røynsle at dei aller fleste tingsrettslege sameiga som er registrerte i Einingsregisteret, gjeld fast eigedom. Grunnboka viser kven som er eigar av fast eigedom. I tingsrettslege sameige der sameigetingen er fast eigedom, vert det altså rapportert dobbelt om kven som er sameigarar.

Brønnøysundregistra si røynsle viser vidare at i sameige med få sameigarar vert opplysningane om sameigarane oppdaterte ved endringar. For store sameige (fleire enn 100 sameigarar) er røynsla at dei i liten grad melder frå når samansetninga av sameigarane vert endra. Det er Einingsregisteret sitt syn at det har lite truverde å halde fram med å registrere sameigarar dersom ikkje opplysningane vert oppdaterte slik at lista over sameigarar faktisk stemmer.

Fram til 2005 gjaldt plikta til å registrere sameigarar også for sameigarar i eigarseksjons-sameige. Einingsregisteret erfarte at føresegna om registrering av sameigarar i eigarseksjons-sameige ikkje fungerte slik ho var meint. Eit særskilt unntak frå kravet til å registrere sameigarar vart difor innført for eigarseksjonssameige frå 1. juli 2005. Eigarseksjonssameige har dermed ikkje lenger plikt til å melde frå om sameigarar til Einingsregisteret når eininga vert registrert.

I Ot. prp. nr. 80 (2003-2004) er det skrive om bakgrunnen for denne endringa i punkt 3.5.2: ”I høyringsnotatet vart det vist til at føresegna om registrering av sameigarar i eigarseksjonar ikkje fungerer slik ho var meint. I store eigarseksjonssameige, med mange sameigarar og hyppige utskiftingar av sameigarane er det eit stort problem å halde registeret à jour. Problemet med å halde registeret à jour forringar kvaliteten på dei registrerte opplysningane i Einingsregisteret. Dette kan igjen føre til at tilliten og truverdet til dei registrerte opplysningane i Einingsregisteret blir redusert.

Eigarseksjonssameige med åtte eller færre seksjonar har registreringsrett i Føretaksregisteret, medan eigarseksjonssameige med ni eller fleire seksjonar har registreringsplikt i Føretaksregisteret, jf eigarseksjonslova § 11 tredje ledd. Føretaksregisteret registrerer ikkje sameigarane. Ved registrering av eit eigarseksjonssameige i Føretaksregisteret må eigarseksjonssameiget likevel først registrerast i Einingsregisteret, der sameigarane altså skal registrerast.

I høyringsnotatet vart det vurdert fleire alternative løysingar på problema som er knytte til registrering av sameigarar i eigarseksjonssameige. Eit alternativ er å innføre ein praksis der opplysningane om sameigarane blir ajourførte ein gong i året. Dette vil redusere problema noko. Ei ulempe ved dette alternativet er at i dei store eigarseksjonssameiga med hyppige utskiftingar av sameigarane, vil opplysningane som er registrerte i Einingsregisteret aldri vere heilt à jour. Eit anna problem både for dei meldepliktige og for Einingsregisteret er at det representerer ein god del arbeid å skulle ajourføre opplysningane i eigarseksjonssameige med opptil fleire hundre sameigarar.

Eit anna alternativ er at det blir gitt rett til å registrere sameigarar, men at plikta fell bort. Ei klar ulempe ved dette alternativet er at informasjon om sameigarane då berre går fram for enkelte eigarseksjonssameige. Men informasjon om kven som er sameigarar i eit eigarseksjonssameige kan alltid hentast inn frå grunnboka. Opplysningane er såleis offentleg tilgjengelege.

I høyringsnotatet vart det foreslått at einingsregisterlova blir endra slik at eigarseksjonssameige blir unnatekne frå plikta til å melde sameigarar, men at dei framleis har rett til å melde sameigarar, jf einingsregisterlova § 6 første ledd bokstav b).”

Einingsregisteret si røynsle er at behovet for endringar òg gjeld for andre typar tingsrettslege sameige. Eit døme på tingsrettslege sameige der det har vist seg problematisk å halde

registeret à jour, er elveeigarlag med felles fiskerettar. Ei forskrift som vart vedteken i 2013¹ som krev at drift av vassdrag med fiskerettar vert organisert i lag, har ført til at dei fleste elveeigarlag vert organiserte som tingsrettslege sameige. Dersom slike sameige har trong for å vere registrerte i Einingsregisteret (jf. einingsregisterlova § 4), vil noverande lov dermed krevje at alle sameigarane vert registrert med personnummer.

Eit anna døme på tingsrettslege sameige der det har vist seg problematisk å halde à jour naudsynte personopplysningar, er garasjesameige som er knytt til eigarseksjonssameige. Normalt skjer det mange endringar blant sameigarane i slike sameige på eit år. Røynsla viser at Einingsregisteret sjeldan vert oppdatert med nye sameigarar i slike sameige.

2.4. Framlegg om å fjerne kravet om å registrere sameigarar

Departementet føreslår at det ikkje lenger skal vere naudsynt å registrere opplysningar om sameigarar for tingsrettslege sameige, og gjer difor framlegg om at einingsregisterlova § 6 første ledd bokstav b vert oppheva.

Det følgjer av sameigelova § 6 første ledd at eit sameige kan velje å ha eit styre. I dag er det eit krav etter einingsregisterlova § 6 første ledd bokstav c at styret skal registrerast dersom det finst. Registrering i Einingsregisteret viser at dei fleste sameiga med mange sameigarar vel å ha eit styre. Tredjemann kan såleis eventuelt få naudsynte opplysningar om personar som opptrer på vegner av sameiget. Departementet føreslår ikkje å endre denne føresegna.

3. Forenkling av føresegnene om elektronisk signering

3.1. Om Altinn, roller og rettar – kort oversyn

Altinn er mellom anna ei teknisk plattform for utvikling av elektroniske tenester og rapporteringar til det offentlege. For tida inneheld Altinn meir enn 400 offentlege tenester som er eigd av dei 40 samarbeidande forvaltningsorgana. I tillegg inneheld portalen ei oversikt med lenker til over 1 200 offentlege skjema; mellom anna oppgåver, meldingar, registerendringar, autorisasjonar, statistikkar og stadfestingar.

Skjema for registrering og endringar i både Einings- og Føretaksregisteret ligg i Altinn. Skjemaa er bygd opp slik at informasjon om einingar som allereie finst i Brønnøysundregistra, vert førehandsutfyllt. Berre dei naudsynte delane av skjemaet visast og innsendaren får ikkje sendt inn skjemaet viss dei vedlegga som vert kravd ikkje ligg ved (såkalla intelligente skjema). Viss ein til dømes kryssar av for at meldinga gjeld endring av føretaket si adresse, vil berre dei naudsynte felte visast. Sakshandsamingstida når skjemaa vert sendt inn elektronisk, er lågare enn når dei vert sendt inn på papir. I tillegg er talet på feil i dei elektroniske skjemaa lågare. Vedtak og andre svar i saka, inkludert eventuell firmaattest, vert sendt til meldingsboksane til innsendaren og eininga. Innsendaren får òg varsel på e-post eller SMS om at sendinga ligg i meldingsboksen.

Når ein logger seg inn i Altinn, må ein følgje ei prosedyre som skal hindre at identiteten til den som logger seg inn, vert misbrukt. Dei primære metodane som vert brukt av fysiske personar for å logge seg inn i Altinn er MinID og BankID, som er tilgjengelege gjennom ID-porten. Altinn tilbyr òg å logge inn ved bruk av såkalla verksemdssertifikat der innlogginga er kopla til organisasjonsnummer. Elektronisk signatur er ei praktisk løysing som gjer det mogleg å verifisere kven som har sendt inn det aktuelle elektroniske skjemaet.

¹ Forskrift 25. juni 2013 om pliktig organisering og drift av vassdrag med anadrome laksefisk

Å signere ei melding elektronisk er noko anna enn å ha fullmakt til signatur. Fullmakt til signatur har den eller dei personane i eit føretak som er innehavar av signaturfullmakt, altså slik at dei kan binde selskapet i avtalar med medkontrahentar.

Dei som etter lovene er pliktige til å melde endringar til registra (dei meldepliktige), vil alltid òg ha rett til å signere ei melding elektronisk. Kven og kor mange i føretaket som, ut over dei meldepliktige, kan og skal signere meldingar, kjem an på organisasjonsform, kva meldinga gjeld og kva register eininga skal registrerast i eller er registrert i. Viss meldinga skal sendast til *Einingsregisteret*, skal ho signerast av minst ein fysisk person. Den som signerer skal vere ein av dei meldepliktige (slik dei er lista opp i einingsregisterlova § 14) eller den som har fullmakt til signatur. Meldingar til *Føretaksregisteret* skal òg signerast av minst ein fysisk person. Den som signerer skal vere ein av dei meldepliktige (slik dei er lista opp i føretaksregisterlova § 4-2), dagleg leiar eller den som har fullmakt til signatur. Innehavar, styreleiar eller dagleg leiar kan òg tildele andre fysiske personar retten til å signere meldingar til Einingsregisteret og Føretaksregisteret.

Kvar fysiske person som *kan* få tilgjenge til å sende inn skjema på vegner av føretaket, er gjeven ei rolle i Altinn. Desse rollene er tildelt ut frå kva for roller personane er registrerte med i Einingsregisteret. Dømer på slike roller er dagleg leiar, styremedlem, innehavar og forretningsfører. Rolleinnehavarane må registrerast med namn og fødselsnummer. Når lova opnar for at fleire ulike roller kan signere, er det opp til føretaket/den juridiske personen sjølv å avgjere kven hos dei som skal signere. Det er dagleg leiar og styreleiar (i enkeltpersonføretak: innehavar) som via Altinn kan delegerere retten til å signere elektronisk på vegner av føretaket, til kven som helst av dei som er registrerte med ei rolle som kan gi rett til å signere elektronisk på vegner av føretaket.

Når meldinga er fylt ut elektronisk via Altinn, vert det automatisk sendt ei såkalla signeringsoppgåve til den eller dei som skal signere meldinga. Først når alle som skal signere elektronisk har signert via Altinn², vert meldinga automatisk sendt inn til rett register.

3.2. Endringar i reglane for elektronisk signering i 2011

I 2011 vart det gjort forenklingar i lovene og forskriftene om signering av elektroniske meldingar til Einingsregisteret og Føretaksregisteret slik at fleire fekk høve til å signere på elektroniske meldingar. Krinsen av kven som kunne signere elektroniske meldingar samanlikna med papirmeldingar, vart dermed utvida. Føremålet med endringa var å leggje betre til rette for elektroniske meldingar til både Einings- og Føretaksregisteret.

Det har i perioden etter dette vore ein klar auke i elektroniske meldingar. Målet om 95 prosent elektroniske meldingar er likevel enno ikkje nådd. I dag ligg bruken av elektroniske meldingar på om lag 80 prosent.

Departementet føreslår difor endringar i regelverket for å gjere innsending av elektroniske meldingar endå enklare. Framlegget inneber at òg juridiske personar skal kunne signere meldingar elektronisk. Departementet legg òg fram framlegg om å utvide kva for roller som kan signere elektronisk. Føremålet med framlegga er å gjere det mogleg for juridiske personar å signere meldingar i Altinn elektronisk og å kome nærare målet om 95 prosent elektroniske meldingar.

² I gjennomsnitt er det 1,5 signering for kvar melding

3.3. Framlegg til endringar

Juridiske personar kan signere elektronisk melding

Juridiske personar (til dømes revisor, rekneskapsførar eller ein finansinstitusjon) kan i dag berre signere på visse vedlegg til registermeldinga. Forskriftene til einingsregister- og føretaksregisterlova om signering av elektroniske meldingar legg altså til grunn at meldingar må signerast av ein *fysisk person* som er registrert med ei rolle i eininga slik som det er gjort greie for ovanfor.

Likevel kan ein juridisk person vere registrert i Einingsregisteret med ei rolle som i utgangspunktet gir rett til å signere meldingar elektronisk. Viss ein juridisk person er registrert med ei rolle som til dømes deltakar eller forretningsførar, kan ikkje den juridiske personen i dag signere meldingar i kraft av denne rolla. Dette inneber at sjølv om ein juridisk person har ei rolle i føretaket som gir rett til å signere, må ein fysisk person (som vert tildelt slik rett i Altinn) signere elektronisk på vegner av den juridiske personen. I nokre tilfelle fører dette til at ingen kan signere elektroniske meldingar på vegner av føretaket og at eininga må sende meldingane sine til Einingsregisteret og Føretaksregisteret på papir.

Departementet føreslår at einingsregisterforskrifta og føretaksregisterforskrifta vert endra slik at elektronisk melding kan signerast av ein fysisk *eller juridisk person* som er registrert med ei rolle i eininga i Altinn. Slik vert det enklare å signere for ei rekkje juridiske personar. Signeringsoppgåva i Altinn kan då sendast direkte til meldingsboksen til den juridiske personen, og ikkje til den fysiske personen som er tildelt rolla å signere på vegner av den juridiske personen. I tillegg treng ein ikkje lenger å leggje inn fødselsnummeret til ein fysisk person som er tilsett hos den juridiske personen. Den som gjer den praktiske signeringa vil då utføre denne *som* den juridiske personen, og ikkje som seg sjølv på vegner av den juridiske personen.

Departementet føreslår ingen endringar i føresegna om at styreleiar eller dagleg leiar i den aktuelle juridiske personen kan delegera retten til å signere samordna registermelding internt i føretaket. Retten til å signere elektroniske meldingar for den juridiske personen vil såleis framleis måtte delegerast av dagleg leiar eller styreleiar.

Utviding i kva for roller som kan signere elektroniske meldingar

Forretningsførar

For einingar som er registrerte i Einingsregisteret følgjer det av einingsregisterlova § 14 første ledd bokstav b at forretningsførar har meldeplikt og dermed kan signere på meldingar. I einingar som òg er registrerte i Føretaksregisteret har ikkje forretningsførar slik rett til signering. Dette følgjer av føretaksregisterlova § 4-3 første ledd jf. § 4-2.

Mange burettslag og eigarseksjonssameige er registrerte i Føretaksregisteret med eit bustadbyggjelag som forretningsførar, og ei slik endring vil gjere det enklare for desse å gjere registreringar og melde endringar elektronisk. Sidan verken føretaksregisterlova eller -forskrifta i dag tillet at forretningsførar signerer meldingar, må retten til å signere delegerast frå registreringseininga (burettslaget eller eigarseksjonssameiget) til ein fysisk person hos forretningsføraren, altså i bustadbyggjelaget. Eit bustadbyggjelag kan vere forretningsførar for svært mange burettslag og det kan vere vanskeleg å få alle registreringseiningane til å

delegere retten til å signere elektronisk til den fysiske personen i bustadbyggjelaget som skal sende inn meldingane. Delegering til ein fysisk person gjer òg at personnummeret til den det gjeld vert spreidd til ein større krins av personar.

Departementet kan ikkje sjå at det er grunn til å handsame einingar som er registrerte i Føretaksregisteret annleis enn einingar som berre er registrerte i Einingsregisteret. Departementet føreslår såleis at det i føretaksregisterforskrifta § 9 første ledd vert opna for at rolla *forretningsførar* kan signere elektroniske meldingar for burettslag og eigarseksjons-sameige.

Representant for norskregistrert utanlandsk føretak

Utanlandske einingar utan fast forretningsadresse eller driftsstad i Noreg, og som kjem inn under føresegnene i meirverdiavgiftslova, må registrere ein norsk representant, jf. meirverdiavgiftslova § 2-1 sjette ledd. Slike representantar skal meldast inn til Einingsregisteret, jf. einingsregisterlova § 6 første ledd bokstav h, men desse representantane kan i dag ikkje signere på samordna registermelding. Norskregistrerte utanlandske føretak kan òg vere registrert med berre ein MVA-representant, såframt denne representanten er ein fysisk person.

Sidan ein representant for norskregistrerte utanlandske føretak ikkje er gitt rett til å signere meldingar elektronisk etter føretaksregisterforskrifta, har i praksis fleire slike utanlandske føretak ikkje nokon som kan signere elektronisk på samordna registermelding. Mange slike føretak har ein juridisk person som norsk representant, og tilsvarande vurderingar vil gjelde her som i avsnittet over om forretningsførar for burettslag og eigarseksjonssameige.

For å bøte på dette problemet, føreslår departementet at einingsregisterforskrifta § 16 første ledd og føretaksregisterforskrifta § 9 første ledd vert endra slik at *representant for norskregistrert utanlandsk føretak* kan signere på elektronisk melding.

3.4. Endringane i einingsregisterforskrifta og føretaksregisterforskrifta

Forskrift 9. februar 1995 nr. 114 om registrering av juridiske personer m.m. i Enhetsregisteret § 16 første ledd skal lyde:

Elektronisk melding til registeret etter enhetsregisterloven § 13 og § 15 skal signeres av en fysisk *eller juridisk* person som innehar en av følgende posisjoner i enheten:

1. meldepliktig (jf. enhetsregisterloven § 14)
2. signaturberettiget
3. *representant for norskregistrert utenlandsk foretak, jf. merverdiavgiftsloven § 2-1 sjette ledd*

Forskrift 18. desember 1987 nr. 984 om registrering av foretak § 9 første ledd skal lyde:

Elektronisk melding til registeret etter foretaksregisterloven § 4-1 skal signeres av en fysisk *eller juridisk* person som innehar en av følgende posisjoner i foretaket:

1. meldepliktig (jf. foretaksregisterloven § 4-2)
2. signaturberettiget
3. daglig leder
4. *forretningsfører for borettslag og eierseksjonssameie*
5. *representant for norskregistrert utenlandsk foretak, jf. merverdiavgiftsloven § 2-1 sjette ledd*

4. Inkuriar og feilrettingar

4.1. Einingsregisterlova

Lov 3. juni 1994 nr. 15 om Enhetsregisteret (einingsregisterlova) § 2 bokstav b bruker gamle namn på to av dei tilknytte registra, høvesvis "Arbeidsgiver- arbeidstakerregisteret" og "Statistisk sentralbyrås bedrifts- og foretaksregister".

Departementet føreslår at § 2 bokstav b nr. 1 og 5 vert endra til:

1. Arbeidsgiverdelen av *NAV Aa-registeret* (folketrygdloven § 25-1).
5. Statistisk sentralbyrås *Virksomhets-* og foretaksregister (lov av 16. juni 1989 nr. 54 om offisiell statistikk og Statistisk sentralbyrå (statistikkloven) § 2-2).

Omgrepet "enkeltpersonforetak" i § 4 første ledd bokstav c vart ved ei endring i 2007 (samvirkelova) ved ein feil endra til "enkelpersonforetak" med uriktig fuge-s før "foretak".

Departementet føreslår at § 4 første ledd bokstav c vert endra til:

- c) Enkeltpersonforetak

4.2. Foretaksregisterlova

Lov 21. juni 1985 nr. 78 om registrering av foretak (foretaksregisterlova) § 3-7 andre ledd første punktum fastset kva for opplysningar registeret skal innehalde for ulike roller til fysiske personar. I opprømsinga av rollene er varamedlem uteglymt.

Departementet føreslår at § 3-7 andre ledd første punktum vert endra til:

For styremedlem, *varamedlem*, observatør, innehaver, deltaker, daglig leder, signaturberettiget og prokurist, skal registeret inneholde opplysningar om navn, fødselsnummer og bopel.

Lov 29. juni 2007 nr. 75 om verdipapirhandel (verdipapirhandelloya) har vore endra fleire gonger dei siste åra slik at ei rekkje tilvisingar i foretaksregisterloya ikkje lenger er rette. Fleire tilvisingar i foretaksregisterloya til verdipapirhandelloya må difor rettast.

Departementet føreslår at § 4-4 bokstav g vert endra til:

I aksjeselskap og allmennaksjeselskap skal de meldepliktige opplyse om aksjetegning er skjedd uten prospekt som nevnt i verdipapirhandelloyen § 7-4. De meldepliktige skal i tilfelle vedlegge en underskrevet erklæring om hvorfor prospekt ikke var nødvendig. Er prospekt nødvendig, skal prospektet og alt annet tegningsmateriale vedlegges, og de meldepliktige skal bekrefte at alt tegningsmaterialet er innsendt til børsen i samsvar med verdipapirhandelloyen § 7-7 og til Foretaksregisteret i samsvar med verdipapirhandelloyen § 7-10. Plikten etter første punktum til å vedlegge prospekt gjelder ikke dersom prospektet allerede er innsendt til Foretaksregisteret i samsvar med verdipapirhandelloyen § 7-10. Disse reglene kommer tilsvarende til anvendelse på grunnfondsbevis og andel i kommandittselskap.

Departementet føreslår at § 5-1 fjerde ledd vert endra til:

Når grunnlaget for det som innkommer til registrering er tegning av aksje, grunnfondsbevis eller andel i kommandittselskap, skal registerføreren prøve om tegningsinnbydelse var nødvendig og i tilfelle om tegningsmaterialet er innsendt til børsen for kontroll som nevnt i verdipapirhandelloyen § 7-7 eller til Foretaksregisteret for registrering som nevnt i verdipapirhandelloyen § 7-10. Er det nedlagt forbud som nevnt i

verdipapirhandelloven § 7-8 *fjerde ledd*, kan registrering ikke skje før forbudet eventuelt er omgjort.

4.3. Føretaksnamelova

Omgrepet ”firma” vart erstatta med omgrepet ”foretaksnavn” i lov 21. juni 1985 nr. 79 om enerett til foretaksnavn og andre forretningskjennetegn mv. (føretaksnamelova) i 2004. I nokre av føresegnene i lova vart omgrepet ved ein feil ikkje endra samstundes med lovendringa.

Departementet føreslår at føretaksnamelova § 2-2, 13. til 15. ledd vert endra til:

Foretaksnavn for kommunalt foretak skal inneholde ordene kommunalt foretak eller forkortelsen KF og *foretaksnavn* for fylkeskommunalt foretak skal inneholde ordene fylkeskommunalt foretak eller forkortelsen FKF, og en angivelse av hvilken kommune eller fylkeskommune foretaket er en del av.

Foretaksnavn for regionalt helseforetak skal inneholde ordene regionalt helseforetak eller forkortelsen RHF. *Foretaksnavn* for helseforetak skal inneholde ordene helseforetak eller HF.

Et foretaks *foretaksnavn* må ikke inneholde annen foretaksbetegnelse enn den som angir foretakets egen ansvarsform. Kongen kan gi nærmere regler om utforming av *foretaksnavn*.

Departementet føreslår at § 7-1 andre ledd vert endra til:

Trer en juridisk person i likvidasjon eller åpnes det gjeldsforhandling eller konkurs hos innehaveren av et foretaksnavn skal *foretaksnavnet* ved *tegning av foretaksnavnet* gis en tilføyelse som angir dette, jf. lov 21. juni 1985 nr. 78 om registrering av foretak § 10-2.

Departementet føreslår at § 8-2 vert endra til:

Med unntak av bestemmelsene i § 2-2 gjelder loven for *foretaksnavn* tatt i bruk før lovens ikrafttredelse. §§ 6-1 og 6-2 kommer bare til anvendelse på *bruk av foretaksnavn* etter lovens ikrafttredelse.

4.4. Einingsregisterforskrifta

Omgrepet ”årsoppgjør” er i gjeldande rekneskapslov erstatta med ”årsregnskap mv”. Denne endringa må følgjast opp i forskrift 9. februar 1995 nr. 114 om registrering av juridiske personer m.m. i Enhetsregisteret (einingsregisterforskrifta).

Departementet føreslår at § 3 første ledd vert endra til:

Enhet som i henhold til lov eller bestemmelse gitt i medhold av lov, plikter å la eget *årsregnskap mv.* inngå i et konsernregnskap eller annen form for fellesregnskap som gir uttrykk for to eller flere enheters samlede virksomhet, plikter å inngi melding som angitt i § 4 og § 5 til Enhetsregisteret.

Departementet føreslår at § 3 tredje ledd vert endra til:

For enhet som på grunnlag av særlige forhold nevnt i lov eller bestemmelse gitt i medhold av lov eller som etter søknad til offentlig myndighet unntas fra en ellers gjeldende plikt til å la eget regnskap eller *årsregnskap mv.* inngå i et konsernregnskap eller annen form for fellesregnskap som gir uttrykk for to eller flere enheters samlede virksomhet, kommer meldeplikten etter første og annet ledd tilsvarende til anvendelse.

Departementet føreslår at § 5 første ledd vert endra til:

Alle enheter skal vurdere plikten til å inngi opplysninger om konsern/foretaksgruppe samtidig som de fastsetter eller godkjenner *årsregnskapet mv.* Meldepliktige konsern- eller foretaksgruppeopplysninger skal meldes til Enhetsregisteret senest en måned etter fastsettingen eller godkjenningen av *årsregnskapet mv.*

4.5. Foretaksregisterforskrifta

Forskrift 18. desember 1987 nr. 984 om registrering av foretak (foretaksregisterforskrifta) § 5 om journalføring vert ikkje praktisert etter ordlyden som er: ”Det føres journal over alle meldinger som mottas til registrering. Meldingene føres på inkomstdagen i nummerrekkefølge. Meldinger som innkommer til Foretaksregisteret senere enn kl. 14.00 føres på den påfølgende kontordag.” Fråsegna er meint for innsende meldingar på papir. I dag kjem om lag 80 prosent av meldingane inn elektronisk. Meldingane vert journalførde og skanna etter kvart som dei kjem inn uavhengig av tidspunkt på dagen.

Departementet føreslår at § 5 vert endra til:

Det føres journal over alle meldinger som mottas til registrering. *Meldingene føres på inkomstdagen.*

Forskrifta § 12 andre ledd viser til Justisdepartementet.

Departementet føreslår at § 12 andre ledd vert endra til:

Departementet kan gi regler om adgangen til å avgi registeropplysninger ved on-line tilknytning til registerets database samt regler om hvordan registeropplysningene *for øvrig* skal gjøres tilgjengelige, herunder bestemmelser om betaling av et nærmere fastsatt gebyr.

5. Økonomiske og administrative konsekvensar

Endring av einingsregisterlova i tråd med dette framlegget vil føre til at tingsrettslege sameige vert spart for byrda med å skaffe oversikt over sameigarar med dei naudsynte opplysningane. Dei vil heller ikkje trenge å oppdatere opplysningane.

For Einingsregisteret vil den føreslåtte endringa lette kontrollen og registreringa av sameige. Det er ikkje behov for endringar i datasystema.

Endring av forskriftsføresegna om signering av elektroniske meldingar vil forenkle signeringskrava for juridiske personar der dei er tildelt roller som gjev rett til å signere meldingar som vert sende inn elektronisk via altinn.no.

Framlegget har ikkje økonomiske konsekvensar for Brønnøysundregistra. Det vil ikkje ha økonomiske eller administrative konsekvensar å rette opp inkuriar og feil.

6. Lov- og forskriftsframlegga

Lov 3. juni 1994 nr. 15 om Enhetsregisteret:

§ 2 bokstav b nr. 1 og 5 skal lyde:

1. Arbeidsgiverdelen av *NAV Aa-registeret* (folketrygdloven § 25-1).

5. Statistisk sentralbyrås *Virksomhets-* og foretaksregister (lov av 16. juni 1989 nr. 54 om offisiell statistikk og Statistisk sentralbyrå (statistikkloven) § 2-2).

§ 4 første ledd bokstav c skal lyde:

c) Enkeltpersonforetak

§ 6 første ledd b) *Oppheves*

Lov 21. juni 1985 nr. 78 om registrering av foretak:

§ 3-7 andre ledd skal lyde:

For styremedlem, *varamedlem*, observatør, innehaver, deltaker, daglig leder, signaturberettiget og prokurist, skal registeret inneholde opplysninger om navn, fødselsnummer og bopel.

§ 4-4 bokstav g skal lyde:

I aksjeselskap og allmennaksjeselskap skal de meldepliktige opplyse om aksjetegning er skjedd uten prospekt som nevnt i verdipapirhandelloven § 7-4. De meldepliktige skal i tilfelle vedlegge en underskrevet erklæring om hvorfor prospekt ikke var nødvendig. Er prospekt nødvendig, skal prospektet og alt annet tegningsmateriale vedlegges, og de meldepliktige skal bekrefte at alt tegningsmateriale er innsendt til børsen i samsvar med verdipapirhandelloven § 7-7 og til Foretaksregisteret i samsvar med verdipapirhandelloven § 7-10. Plikten etter første punktum til å vedlegge prospekt gjelder ikke dersom prospektet allerede er innsendt til Foretaksregisteret i samsvar med verdipapirhandelloven § 7-10. Disse reglene kommer tilsvarende til anvendelse på grunnfondsbevis og andel i kommandittselskap.

§ 5-1 fjerde ledd skal lyde:

Når grunnlaget for det som innkommer til registrering er tegning av aksje, grunnfondsbevis eller andel i kommandittselskap, skal registerføreren prøve om tegningsinnbydelse var nødvendig og i tilfelle om tegningsmateriale er innsendt til børsen for kontroll som nevnt i verdipapirhandelloven § 7-7 eller til Foretaksregisteret for registrering som nevnt i verdipapirhandelloven § 7-10. Er det nedlagt forbud som nevnt i verdipapirhandelloven § 7-8 *fjerde ledd*, kan registrering ikke skje før forbudet eventuelt er omgjort.

Lov 21. juni 1985 nr. 79 om enerett til foretaksnavn og andre forretningskjennetegn mv.:

§ 2-2, 13. til 15. ledd skal lyde:

Foretaksnavn for kommunalt foretak skal inneholde ordene kommunalt foretak eller forkortelsen KF og *foretaksnavn* for fylkeskommunalt foretak skal inneholde ordene fylkeskommunalt foretak eller forkortelsen FKF, og en angivelse av hvilken kommune eller fylkeskommune foretaket er en del av.

Foretaksnavn for regionalt helseforetak skal inneholde ordene regionalt helseforetak eller forkortelsen RHF. *Foretaksnavn* for helseforetak skal inneholde ordene helseforetak eller HF.

Et foretaks *foretaksnavn* må ikke inneholde annen foretaksbetegnelse enn den som angir foretakets egen ansvarsform. Kongen kan gi nærmere regler om utforming av *foretaksnavn*.

§ 7-1 andre ledd skal lyde:

Trer en juridisk person i likvidasjon eller åpnes det gjeldsforhandling eller konkurs hos innehaveren av et foretaksnavn skal *foretaksnavnet* ved *tegning av foretaksnavnet* gis en tilføyelse som angir dette, jf. lov 21. juni 1985 nr. 78 om registrering av foretak § 10-2.

§ 8-2 skal lyde:

Med unntak av bestemmelsene i § 2-2 gjelder loven for *foretaksnavn* tatt i bruk før lovens ikrafttredelse. §§ 6-1 og 6-2 kommer bare til anvendelse på *bruk av foretaksnavn* etter lovens ikrafttredelse.

Forskrift 9. februar 1995 nr. 114 om registrering av juridiske personer m.m. i Enhetsregisteret

§ 3 første ledd skal lyde:

Enhet som i henhold til lov eller bestemmelse gitt i medhold av lov, plikter å la eget *årsregnskap mv.* inngå i et konsernregnskap eller annen form for fellesregnskap som gir uttrykk for to eller flere enheters samlede virksomhet, plikter å inngi melding som angitt i § 4 og § 5 til Enhetsregisteret.

§ 3 tredje ledd skal lyde:

For enhet som på grunnlag av særlige forhold nevnt i lov eller bestemmelse gitt i medhold av lov eller som etter søknad til offentlig myndighet unntas fra en ellers gjeldende plikt til å la eget regnskap eller *årsregnskap mv.* inngå i et konsernregnskap eller annen form for fellesregnskap som gir uttrykk for to eller flere enheters samlede virksomhet, kommer meldeplikten etter første og annet ledd tilsvarende til anvendelse.

§ 5 første ledd skal lyde:

Alle enheter skal vurdere plikten til å inngi opplysninger om konsern/foretaksgruppe samtidig som de fastsetter eller godkjenner *årsregnskapet mv.* Meldepliktige konsern- eller foretaksgruppeopplysninger skal meldes til Enhetsregisteret senest en måned etter fastsettingen eller godkjenningen av *årsregnskapet mv.*

§ 16 første ledd skal lyde:

Elektronisk melding til registeret etter enhetsregisterloven § 13 og § 15 skal signeres av en fysisk *eller juridisk* person som innehar en av følgende posisjoner i enheten:

1. meldepliktig (jf. enhetsregisterloven § 14)
2. signaturberettiget
3. *representant for norskregistrert utenlandsk foretak, jf. merverdiavgiftsloven § 2-1 sjette ledd*

Forskrift 18. desember 1987 nr. 984 om registrering av foretak

§ 5 skal lyde:

Det føres journal over alle meldinger som mottas til registrering. *Meldingene føres på innkomstdagen.*

§ 9 første ledd skal lyde:

Elektronisk melding til registeret etter foretaksregisterloven § 4-1 skal signeres av en fysisk *eller juridisk* person som innehar en av følgende posisjoner i foretaket:

1. meldepliktig (jf. foretaksregisterloven § 4-2)
2. signaturberettiget
3. daglig leder
4. *forretningsfører for borettslag og eierseksjonssameie*
5. *representant for norskregistrert utenlandsk foretak, jf. merverdiavgiftsloven § 2-1 sjette ledd*

§ 12 andre ledd skal lyde:

Departementet kan gi regler om adgangen til å avgi registeropplysninger ved on-line tilknytning til registerets database samt regler om hvordan registeropplysningene *for øvrig* skal gjøres tilgjengelige, herunder bestemmelser om betaling av et nærmere fastsatt gebyr.